

---

**Fra:** Berit Oliva <b-olk@online.no>  
**Sendt:** mandag 8. oktober 2018 20:20  
**Til:** Bente Kopperdal Hervik  
**Emne:** SV: 18/14710 Informasjon til lag og organisasjonar - oktober 2018

Hei Bente , sender ein forseinka søknad. Tida flyg i frå meg ,det er tusen ting i kjømda,  
Ein kan få sveittebrot av mindre !  
Vonar de kan ta søknaden med.  
Mvh. Berit Kvalvik.

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10

---

**Fra:** [Bente Kopperdal Hervik](#)  
**Sendt:** mandag 8. oktober 2018 kl. 14.51  
**Emne:** 18/14710 Informasjon til lag og organisasjonar - oktober 2018

Sjå vedlagte saksdokument

Radøy Kommune.

Søknad om midlar til julefest for innvandrara.

LHL – Radøy søker om midlar for å halda ein julefest. Denne er tenkt som ein avslutning på Internasjonal Kafe.

Me hadde ein fest i fjor 9 des. som var utruleg vellukka. Har difor lyst å gjera det same i år. Festen er for familiar og andre,og er opplagt etter våre norske skikkar . med sang og musikk ,gang om juletreet og god mat.  
Vonar me kan få eit tilskot til festen .

Har drøfta dette og kome fram til at me treng kr. 8000.  
Vonar dette kan la seg gjera slik at det vert fest også i år.

Kan melda frå om at Int.Kafe er i gang og at turen som me har fått pengar til før, vil verta avvikla så snart det let seg gjera.

Artur Marøy er for tida i Amerika. Me er i gang med faste planar so snart han er heime att.  
Dette som ei førebels oppsummering.

Med helsing LHL-Radøy. V/ styret.  
Berit Kvalvik.  
Leiar.